

Pressemelding

Førde, 04. oktober 2010

Eninvest fyller 10 år den 10.10.2010

Naturstridig jubileum blir feira med nye kontraktar

Eninvest har med utgangspunkt frå Førde i Sogn og Fjordane siste 10 åra skaffa seg eit solid fotfeste i ein bransje som normalt er prega av store nasjonale og multinasjonale selskap. Nye kontraktar med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebanken Sogn og Fjordane gjer markeringa av 10 års jubileet ekstra hyggeleg for selskapet, og legg grunnlag for vidare satsing og utvikling av tenestetilbod og arbeidsplassar.

Den 10. oktober 2000 var skipingsdokument til Eninvest signert. Lokale aktørar gjekk i spissen for å skipe eit selskap som hadde som mål å vere pådrivar for etablering av breibandsinfrastruktur til privatpersonar, næringsliv og offentleg sektor i Sogn og Fjordane.

10.000 kundar

Mykje har skjedd sidan oppstarten. Sogn og Fjordane har no ei dekning med breiband på lik linje med resten av landet, i tillegg er det satsa tungt på neste generasjon breiband, fiber. Eninvest har etablert ein fiberinfrastruktur i 23 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane og tilbyr breiband til alle segment i marknaden.

– Ikkje minst er vi etter kvart blitt ein aktør der tenester levert over fiber- og breibandsnettet har blitt ein stadig større del av verksemda vår, til dømes IP-TV og telefon. I løpet av desse 10 åra har Eninvest etablert ein kundebase på 10.000 kundar, seier Nandor Helgheim, dagleg leiar.

33 tilsette og naturstridig årsresultat

Resultat for 2009 syner eit årsresultat på NOK 7,9 mill. Selskapet sysselset 33 årsverk frå hovudkontor i Førde og avdelingskontor på Sandane

– Dei økonomiske resultatata til selskapet er noko naturstridige når ein ser på resultat elles i bransjen. Årsak til dette er samansett. Vi var tidleg ute, det medførte at ein har fått ein høg marknadsandel og bygd opp ei eiga merkevare, med ein eigen kultur og identitet rundt sjølve selskapet sin profil, seier Helgheim.

– Vi har bygd ut trinnvis og på den måten dempa risiko i satsinga. Selskapet har langsiktige eigarar som har villa satse på etablering av ein framtidsretta infrastruktur. Sist, men ikkje mist, vil det være umogleg over tid å skape resultat om ein ikkje hadde hatt ein organisasjon med kompetente og innovative medarbeidarar som trekkjer lasset saman.

Ytterlegare vekst

Sogn og Fjordane fylkeskommune har no inngått ein kontrakt på kring 16 millionar kroner med Eninvest for dei neste fire åra.

– Eg har hatt høve til å følgje Eninvest frå etableringa, fyrst som koordinator for breibandutbygginga og seinare som fylkesrådmann. Verksemda har i ti-årsbolken stått sentralt i utbygging av breiband i fylket. Som lokal aktør har dei heile tida synt ei eige evne til å møte dei spesielle utfordringane som ligg i fylket sin krevjande topografi og spreidde busetnad, seier fylkesrådmann Jan Øhickers i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

– Det er derfor ikkje overraskande at vi i fylkeskommunen no har teikna kontrakt med Eninvest for dei neste fire åra. Det er ein kontrakt på om lag 16 millionar. Eg har tillit til at verksemda vil gje oss eit trygt og godt breibandsamband i åra som kjem.

Sparebanken Sogn og Fjordane er ein av kundane som har gjort seg nytte av Eninvest sine tenester, og som har fornya kontrakten:

– Dei gode erfaringane vi har hatt med Eninvest som nettverksleverandør, gjorde at vi fornya vår kontrakt med Eninvest på leveransar av nettverk til vårt kontornett. Vi ser frem til vidare godt samarbeid, og leveransar med god service og kvalitet, seier Geir Grime, IT sjef i Sparebanken Sogn og Fjordane, og ønskjer jubilanten til lukke.

For ytterlegare informasjon, venleg kontakt:

Jan Øhlckers

Rådmann, Sogn og Fjordane fylkeskommune

e-post: jan.ohlckers@sfj.no

Mobil: +47 41 53 09 63

Geir Grime

IT Sjef, Sparebanken Sogn og Fjordane

e-post: geir.grime@ssf.no

Mobil: +47 48167084

Nandor Helgheim

Dagleg leiar, Eninvest

e-post: nandor.helgheim@eninvest.no

Mobil: + 47 97 05 43 70